



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Arkivsak:

Løpenummer:

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 13.04.2010

Tid: 17:00-17.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 6. april 2010.

Møtet vart kunngjort i ei avis, på heimesida og ved oppslag på kunngjeringsstadar i kommunen.

Forfall og møtande varamedlemar:

Hans Ekeberg (Ap) hadde forfall.

For han møtte Bergfrid Norheim som vararepresentant.

Hartvig Haugen (Frp) hadde forfall.

For han møtte Odd-Kåre Nordtveit som vararepresentant.

Terje Fløisand (Frp) meldte forfall før møtestart.

For han tok Arild Ernst Legland plass i møtet som var innkalla for Magne Djuvik.

Arne Holmefjord (Frp) hadde forfall.

For han møtte Odd-Kåre Nordtveit som vararepresentant.

Egil Gjelland (Sp) møtte ikkje.

Stein Olav Hauge (Sp) hadde forfall.

For han møtte Even Revne som vararepresentant.

Audny S. Stuen (Krf) hadde forfall.

For henne møtte Roald Samnøy som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Georg Espenes

Rådgjevar Kjartan Haugsnes, frå kontrollutvalet sitt sekretariatet

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordfører Hans S. Vindenes (Sp) leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 13. april 2010



Hans S. Vindenes
Ordfører



Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
010/10	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 24.02.2010
011/10	REVISJONSTENESTE FUSA KOMMUNE - VAL AV REVISOR

010/10: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
24.02.2010

13.04.2010 KOMMUNESTYRET

KOM-010/10 VEDTAK:

Møtebok frå møtet 24.02.10 vart samrøystes godkjent.

.....

011/10: REVISJONSTENESTE FUSA KOMMUNE - VAL AV REVISOR

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innstilling frå kontrollutvalet vert ettersendt.

13.04.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Innstilling frå kontrollutvalet vart ettersendt pr mail og delt ut i møtet:

”FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret vel som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Fusa kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

HANDSAMING I MØTET:

Etter sams drøfting i utvalet vart følgjande innstilling til kommunestyret samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Fusa kommune til å forlengje avtalen med 2 år.”

Innstillinga frå kontrollutvalet var samrøystes vedteke.

KOM-011/10 VEDTAK:

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Fusa kommune til å forlengje avtalen med 2 år.”

.....